

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Arkivsakid- doknr:	15/616-5	Saksh:	Gunnhild Sandvin	Arkivkode	Dato: 04.04.2017
Journalpostid:	17/1917	Telefon:	53 67 35 37	K1 - 121, K2 - N00	

Høyring - regional transportplan Hordaland 2018 - 2029

Eidfjord formannskap - 17/040:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

1. Eidfjord kommune støttar strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland fram mot 2029. Eidfjord kommune meiner likevel at hovudmålet for fylkesvegnettet må vera å fjerna forfallet gjennom styrka vedlikehald slik at heile fylkesvegnettet får ein akseptabel standard. Det er ikkje offensivt nok berre å stoppa veksten i forfallet.
2. Eidfjord kommune støttar formuleringane i planen vedr. tilrettelegging for reiselivets behov for kollektivtilbod. Det er viktig at haldeplasstruktur vert tilpassa reiselivets behov. Billettsystemet som skal nyttast i kollektivtrafikken må vera tilpassa «dagens» betalingssystem.
3. Eidfjord kommune forventar at det vert avsett midlar til rassikring av Fv 103 i første del av planperioden til RTP 2018 – 2029
4. For å auka trafikksikkerheit for gåande og syklende bør gang- og sykkelvegen etablerast til Stavanes i samsvar med Kommunedelplan for trafikksikring.
5. Eidfjord kommune støttar uttale frå Hardangerviddatunnelen AS.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Gunnhild Sandvin
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok



EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv:	K1 - 121, K2 - N00
Arkivsak ID:	15/616 - 4
Journalpost ID:	2017001847
Saksh.:	Tveit, Anved Johan
Dato:	31.03.2017



Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

Telefon: 53 67 35 00

Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

www.eidfjord.kommune.no

SAKSGANG

Utvalg	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	03.04.2017	17/040

Høyring - regional transportplan Hordaland 2018 - 2029

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Eidfjord kommune støttar strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland fram mot 2029. Eidfjord kommune meiner likevel at hovudmålet for fylkesvegnettet må vera å fjerna forfallet gjennom styrka vedlikehald slik at heile fylkesvegnettet får ein akseptabel standard. Det er ikkje offensivt nok berre å stoppa veksten i forfallet.
2. Eidfjord kommune støttar formuleringane i planen vedr. tilrettelegging for reiselivets behov for kollektivtilbod. Det er viktig at haldeplasstruktur vert tilpassa reiselivets behov. Billettsystemet som skal nyttast i kollektivtrafikken må vera tilpassa «dagens» betalingssystem.
3. Eidfjord kommune forventar at det vert avsett midlar til rassikring av Fv 103 i første del av planperioden til RTP 2018 – 2029
4. For å auka trafikktryggleik for gåande og syklande bør gang- og sykkelvegen etablerast til Stavanes i samsvar med Kommunedelplan for trafikksikring.

03.04.2017 - Eidfjord formannskap

Framlegg frå Anved Johan Tveit (ESP):

Nytt punkt 5:

Eidfjord kommune støttar uttale frå Hardangerviddatunnelen AS.

Røysting :

Samrøystes vedteke.

FSK - 17/040 - Vedtak:

1. Eidfjord kommune støttar strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland fram mot 2029. Eidfjord kommune meiner likevel at hovudmålet for fylkesvegnettet må vera å fjerna forfallet gjennom styrka vedlikehald slik at heile fylkesvegnettet får ein akseptabel standard. Det er ikkje offensivt nok berre å stoppa veksten i forfallet.

2. Eidfjord kommune støttar formuleringane i planen vedr. tilrettelegging for reiselivets behov for kollektivtilbod. Det er viktig at haldeplassstruktur vert tilpassa reiselivets behov. Billettsystemet som skal nyttast i kollektivtrafikken må vera tilpassa «dagens» betalingssystem.
3. Eidfjord kommune forventar at det vert avsett midlar til rassikring av Fv 103 i første del av planperioden til RTP 2018 – 2029
4. For å auka trafikksikkerheit for gåande og syklende bør gang- og sykkelvegen etablerast til Stavanen i samsvar med Kommunedelplan for trafikksikring.
5. Eidfjord kommune støttar uttale frå Hardangerviddatunnelen AS.

Særutskrift skal sendast til: Hordaland fylkeskommune

Endeleg avgjerd i: FSK

Saka gjeld:

Fylkesutvalet gjorde i møte 23.02.2017 vedtak om å leggja Regional transportplan Hordaland 2018 – 2029 (RTP 2018 -2029) ut på høyring.
Planen er ei rullering av gjeldande RTP 2013-2024

Planen inneheld mål til alle relevante deler av transportsystemet, og strategiar som viser korleis måla skal fylgjast opp. RTP 2018 – 2029 vil vera grunnlaget for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak.

Planen er inndelt i ni kapittel

Kap. 1 Innleiing

Kap.2 Mål og strategiar

Kap.3 Utviklingstrekk og utfordringar

Kap.4 Økonomiske rammer og overordna prioriteringar i perioden 2018 – 2021

Kap.5 Fylkesvegnettet

Kap.6 Kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport

Kap. 7 Transport i Bergensområdet

Kap. 8 Regionsenter

Kap. 9 Statlege ansvarsområde

Vedlegg: Handlingsprogram 2018 -2029

Eidfjord formannskap vel å kommentera dei punkta som har størst betydning for våre innbyggjarar og det lokale næringslivet.

Generelt

Eidfjord kommune støttar strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland fram mot 2029. Eidfjord kommune meiner likevel at hovudmålet for fylkesvegnettet må vera å fjerna forfallet gjennom styrka vedlikehald slik at heile fylkesvegnettet får ein akseptabel standard. Det er ikkje offensivt nok berre å stoppa veksten i forfallet. Planen viser at det samla forfallet på fylkesvegnettet utgjer over 7,3 mrd. Det må sikrast rammer slik at dette forfallet kan fjernast. Ein må derfor i planen visa at ein har slik ambisjon for heile fylkesvegnettet, ikkje berre for det overordna.

Til kap. 5 Fylkesvegnettet

Fylkesveg Fv 103 Simadalsvegen, er den einaste fylkesvegen i Eidfjord, og ligg i kategorien øvrige fylkesvegar. Fv 103 er tilførselsveg til den største kraftstasjonen i Hordaland, Sima kraftstasjon, og den einaste arbeidsvegen for dei tilsette. Statkraft driv i tillegg settefisk og genbank, som krev dagleg tilsyn.

Deler av Fv 103 er skuleveg, og ein mykje brukt veg til fleire badeplassar langs vegen. Fv 103 har gang- og sykkelveg frå Eidfjord sentrum til Blurenes bustadfelt, men denne burde vore forlenga til badeplassen i Stavanen.

Fv 103 er svært rasutsett. Statens vegvesen har laga rapporten ***Skresikringsbehov for riks- og fylkesvegar i Region vest***. Rapporten har tabellar som syner skredfaren på dei ulike riks- og fylkesvegar i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Raspunktta er rangerte i kategoriane høg, middels og låg.

Av tabellen for ***Skredsikringsbehov for Fylkesvegar i Hordaland*** ser me at det berre er Fv 551 ved Fureberget bru i Kvinnherad og to punkt på Fv 7 i Tokagjelet i Kvam, som har høgare skredfaktor enn Fv 103 Simadalsvegen. Totalt har Fv 103 fem raspunkt i kategorien høg, fire punkt i kategorien middels og eit punkt i kategorien låg. Ved raspunktet på Kråkeskarvet, som har kategorien middels, er det gjort tiltak for å sikra mot isras.

Med støtte frå Eidfjord kommune og Statkraft laga Statens vegvesen i år 2000, ***Rassikringplan Fv 103 Eidfjord – Simadalen***. Geologane som utarbeidde rapporten konkluderte med at berre er ein tunnel på ca 2,5 km vil gje akseptabel sikring. Denne tunnelen ville sikra alle raspunktta i kategorien høg, og to av fire punkt i kategorien middels.

17 år etter at denne rassikringsplanen kom på bordet er det no på tide at Fv 103 vert prioritert i førstkomande handlingsdel av RTP 2018 - 2029, og at midlar til rassikring vert avsett i

økonomiplanen ti Hordaland fylkeskommune.

Til kap. 6 Kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport

Eidfjord kommune støttar formuleringane i planen vedr. tilrettelegging for reiselivets behov for kollektivtilbod. Det er viktig at haldeplasstruktur vert tilpassa reiselivets behov. Billettsystemet som skal nyttast i kollektivtrafikken må vera tilpassa «dagens» betalingssystem.

Eidfjord kommune støttar formuleringane i planen vedr. tilrettelegging for reiselivets behov for kollektivtilbod. Det er viktig at haldeplasstruktur vert tilpassa reiselivets behov. Billettsystemet som skal nyttast i kollektivtrafikken må vera tilpassa «dagens» betalingssystem.

Økonomiske konsekvensar:

Tiltaket krev bruk av offentlege midlar, men samfunnet vil spara store summar ved å minska faren for alvorlege ulukker.

Juridiske konsekvensar:

Ingen kjende

Miljømessige konsekvensar:

Auka miljøutslepp i anleggsfasen

Personalmessige konsekvensar:

Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelse:

Positiv effekt for folkehelsa ved betre tilgang til rekreasjonsområde.

Geir Underhaug
rådmann